



Svein Magne Vassdal
Bruvikdalsvegen 635
5285 BRUVIK

Referanser:
Dykker:
Vår: 23/939 - 23/13387

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:
19.06.2023

Sørfjorden Hjortevald - Svar på søknad om fellings løyve hjortejakta 2023 . Vedtak.

Administrativt vedtak, arkivsakid 23/939

VEDTAK

I medhald av hjorteviltforskrifta § 18 og «Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy, Vestland» § 2, får Sørfjorden hjortevald tildelt 143 hjorteløyve til jakta i 2023, jf. §§ 1 og 3 hjorteviltforskrifta.

Tildelinga av løyve vert gjort som «målretta tildeling» etter hjorteviltforskrifta § 18 tredje ledd, der fordeling av kvote på kjønn og alder vil bli sendt ut gjennom eige vedtaksbrev.

Det vert føresett av valdet føl strukturen i den målretta tildelinga ved jaktuttaket i 2023.

Saksutgreiing

I brev av 30.04.23 søker Sørfjorden hjortevald, v/ Svein Magne Vassdal, om 143 hjorteløyve i «målretta tildeling» til valdet etter hjorteviltforskrifta § 18 tredje ledd, for jaktsesongen 2023.

Bakgrunnen er at valdet har meldt seg ut av Osterøy bestandsplanområde. Valdet inngår soleis ikkje lenger i planområdet sin godkjente bestandsplan for 2022-2024, med fleirårig tildeling av løyve etter hjorteviltforskrifta § 18 andre ledd.

Det går fram av søknaden at valdet ikkje har hatt høve til å lage seg bestandsplan endå. Dette fører til at målretta tildeling frå kommunen gjer seg gjeldande for jakta i 2023.

Hjortevaldet informerer om at det i ein annan søknad, har søkt kommunen om oppjustering av teljande areal for valdet, frå 29 207 daa i dag, til 33063,3 daa frå og med 2023. Utgangspunktet for dette er politisk vedtak i kommunen, om å setje øvre høgdegrense for teljande areal til 600 m.o.h., noko som utløyser

3855,8 i nytt areal for valdet, i følje søkjar, jf. innsendt søknad.

Sørfjorden hjortevald (nr. 49) ligg i ei sone med 200 daa som minsteareal for tildeling av hjorteløyve, i følgje kommunen si forskrift om minsteareal for hjort. I dette høvet skal gjeldande minsteareal vere utgangspunkt for tildeling av løyve til hjortevald i sona. Her peikar søker på at 27 063 daa av det nye, omsøkte arealet, ligg i Osterøy kommune, medan 6000 daa ligg i Vaksdal kommune. Vaksdal har, i motsetnad til Osterøy, 700 daa som minsteareal for gjeldande areal, noko som valdet legg til grunn i søknaden.

Med bakgrunn i omsøkt, teljande areal og gjeldande minsteareal for Osterøy og Vaksdal kommunar, tek søknaden om løyvetal utgangspunkt i følgjande:

- | | |
|---|-------------|
| • Sørfjorden sin del i Osterøy kommune (33063 daa : 200 daa i minsteareal) | = 135 løyve |
| • <u>Sørfjorden sin del i Vaksdal kommune (6000 daa: 700 daa i minsteareal)</u> | = 8 løyve |
| • SUM | = 143 løyve |

Tildelinga til valdet i 2022 var 128 løyve, der 122 løyve var knytt til jaktfelt i Osterøy kommune og 6 stk. til jaktfelt i Vaksdal kommune (Mjelde Skipsreie). Søknaden om 143 løyve for 2023, utgjer soleis ein auke med 15 løyve, samanlikna med fjaråret, der 137 vil gå til «osterøysida» og 6 stk. til «vaksdalssida».

I søknaden går det i tillegg fram at Audestad/Teigland jaktfelt søker Sørfjorden hjortevald om eitt ekstra løyve i høve til 2022, grunna høgt skadepress på innmark, med tapt grasavling som vinterfôr.

Formelt grunnlag/rammer

- Forskrift om forvalting av hjortevilt, med Rundskriv M-478
- Forvaltingsplan for hjort for Osterøy kommune, 2022 - 2025
- Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy kommune, Vestland
- Vedtak i Planutvalet i Osterøy kommune, 25. mai 2023

Saksvurdering

I følgje Forskrift om forvalting av hjortevilt (hjorteviltforskrifta), skal kommunen sitt fastsette minsteareal i gjeldande område, vere utgangspunktet for tildeling av løyve, jf. § 6. Kommunen kan fråvikke minstearealet for enkeltvald, oppover eller nedover, med inntil 50 %, ut frå lokal bestands-situasjon, gjeldande utviklingstrekk, skadeproblematikk med meir, jf. § 7. Eit slik fråvik skal gjerast som enkeltvedtak, med god grunngjevnad.

Minstearealet for sona som Sørfjorden hjortevald ligg i, vart gjennom politisk vedtak endra frå 400 daa i 2021, til 200 daa frå og med jakt i 2022, ut frå målsetjinga om å redusere bestanden ved å auke jaktuttaket. Dette gav ei auke med 38 løyve til valdet, samanlikna med 2021.

Statistikken frå dei siste fem jaktsesongane i hjortevaldet, viser følgjande fellingstal:

År	Tildelt løyve	Felte hjort	Fellingsprosent
2018	83	62	75 %
2019	77	73	95 %
2020	86	76	88 %
2021	90	77	85 %
2022	128	74	58 %

Fellingsresultatet viser at den auka tildelinga i 2022, ikkje førte til auke i uttaket av dyr, men at fellinga heldt seg på same nivå som tidlegare. Dette kan skuldast fleire forhold, mellom anna at tettleiken av dyr, samla sett innafor området, gjorde det vanskeleg å få til eit høgare uttak. Samstundes må ein ved tolking av resultatet, vere merksam på at uttaket og fellingsprosenten varierer mykje mellom jaktfelta, der enkelte jaktfelt har teke ut 100 %, eller like i nærleiken, spesielt i område med aktiv jordbruksdrift.

Likevel viser statistikken at det i 2022 var grunnlag for eit langt høgare uttak ut frå tildelt kvote, enn utfallet viser, til dømes gjennom samarbeid og bytte-/ overgangsordningar mellom jaktfelta. Dette ved å styre uttaket til jaktfelt med høg tettleik og stort skadepress på innmark. Slik ordningar er friviljuge, og må avtalast mellom aktuelle jaktfelt frå gong til gong, men er samstundes viktige å peike på som aktuelle og målretta moglegheiter. Eit anna verkemiddel kan verte at valdet held tilbake nokre løyve, for tildeling til jaktfelt ved behov, etter kvart som jakta skrir fram.

NYTT TELJANDE AREAL OG HØGARE LØYVETAL

Etter søknad frå Sørfjorden hjortevald, har kommunen som nemnd godkjent **33 065 daa** som nytt, teljande areal for valdet, med verknad frå 2023. Med bakgrunn i 200 daa som minsteareal for areal i Osterøy kommune og 700 daa for areal i Vaksdal kommune (Mjelde Skipsreie), utløyser dette **143 løyve**, som valdet søker om å få tildelt.

Ei slik løyvetildeling vil som nemnd føre til ei auke med 15 løyve i høve til i 2022. I dette høvet meiner kommunedirektøren det er naturleg å sjå ei auke av løyvetalet opp mot fellinga i 2022, som viser at 54 tildelte løyve ikkje vart tekne ut. Ei ytterlegare tildeling i 2023, gjev difor grunnlag for å vurdere bruk av «50%-regelen», ved å fråvike minstearealet oppover etter § 7 i hjorteviltforskrifta.

Grunngjevinga for eventuelt å bruke dette verkemiddelet, er at eit uttak av 128 løyve, som tildelt i 2022, høgst truleg vil vere tilstrekkeleg for å medverke til å nå dei overordna måla for hjorte-forvaltninga i Osterøy kommune. Føresetnaden for eit slikt uttak, er derimot eit utbreidd jakt-samarbeid mellom jaktfelta, og ei målretta fordeling og bruk av tildelte løyve mellom, til dømes ved å styre uttaket til «problemområde» og område med mykje dyr.

Ei auke i kvota med 15 løyve for 2023, som godkjent areal gjev grunnlag for, vil med bakgrunn i fellingsstatistikken truleg ikkje bli nytta, og soleis ikkje inngå i den aktive forvaltninga. Samstundes vil eit «lågt» uttak av tildelt kvote, gjere målstyringa i valdet meir vanskeleg med tanke på strukturen i jaktuttaket (kjønn og alder).

Når kommunedirektøren likevel går inn for ei løyving i tråd med godkjent, teljande areal, byggjer dette på at denne praksisen skal vere hovudregelen, og at Osterøy kommune har varsle ny gjennomgang av dagens minsteareal i kommunen. Det kan difor vere grunnlag for å vente med ei eventuell regulering fram til dess, samstundes som Sørfjorden hjortevald sjølv kan vurdere problematikken i bestandsplanen som valdet planlegg å utarbeide til neste år.

Når det gjeld søknaden frå Audestad/Teigland jaktfelt, om å få tildelt eitt meir løyve til jakta 2023, ventar vi at dette vert handtert av hjortevaldet innanfor tilgjengeleg kvote.

Konklusjon

Ut frå ei samla vurdering finn kommunedirektøren grunnlag for å tildele 143 løyve til Sørfjorden hjortevald for jakta i 2023, som er ei auke med 15 løyve i høve til 2022.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av kommunelova § 5-3 og delegert mynde, jf. Osterøy kommune sitt delegasjonsreglement.

Klage:

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilst til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjenvært. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltingslova §§ 18-19

Med helsing

Arnstein Øvsthus
kommunalsjef

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

